



OPPGÅVEHEFTE \

1.-4. TRINNET



INNLEIING



#VERDIFULL - AKKURAT SOM DU ER

Kampanjen i år ønskjer å framheve verdien av det unike hos menneske og å feire mangfaldet. Gjennom barneskoleåra aukar dei sosiale krava i takt med at barn utviklar sin eigen identitet og si eiga sjølvkjensle. For somme er dette noko det er knytt usikkerheit til. Dei skal bli eigne individ, samtidig som behovet for å passe inn i fellesskapen er sterkt. Kampanjepakken i år vil fremme refleksjon og kunnskap omkring identitetsutvikling: Kven er eg? Kven ønskjer eg å vere? Kven bestemmer korleis eg skal vere?

Vi ønskjer å feire mangfaldet og verdien av variasjonen mellom menneske, og gjere barn og unge trygge på at dei er verdifulle akkurat som dei er.

I kampanjepakken for 1.–4. trinn har vi plukka ut oppgåver som handlar om identitet, kropp og kjensler. Målet er at elevane skal reflektere over mangfaldet av kroppar, kjensleuttrykk og identitetar – og verdien av at alle får lov til å vere den dei er. Det skal handle om å utvikle sin eigen identitet i kontakt med andre. Vi er heilt unike, og samtidig treng vi å spegle oss i kvarandre og knyte band til kvarandre. Vi utviklar oss som individ i fellesskap med andre.

TIPS TIL UNDERVISNINGA

Trivsel og tryggleik er ein viktig føresetnad for at elevane skal kunne utvikle seg personleg, sosialt og fagleg. Forsking viser at også seksualitetsundervisninga bør gå føre seg i eit trygt og inkluderande læringsmiljø slik at ho utgjer ein forskjell for elevane. Derfor er det viktig at du som undervisar skaper gode rammer for seksualitetsundervisninga i klassen din. Sex og Politikk anbefalar at seksualitetsundervisninga byggjer på følgjande prinsipp:

- At det er respekt for ulikskapar (for eksempel knytt til etnisitet, familiebakgrunn, utsjånad, meiningar, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk)
- At ord og utsegner som diskriminerer eller seier noko negativt om andre, ikkje blir akseptert
- At ingen skal føle seg baksnakka eller krenkt
- At ein unngår å snakke om personlege opplevingar, men heller drøftar tematikken gjennom fiktive eksempel
- At alle veit kva som skal skje i undervisninga
- At alle deltar, men har høve til å melde pass
- At elevane snakkar i eit «lukka rom» – det vil seie at ingen etterpå snakkar med klassekamerater om kva dei andre har sagt og gjort i undervisninga. Vi anbefalar også at seksualitetsundervisninga startar med at undervisaren og elevane lagar tilpassa avtalar for korleis undervisninga skal vere, basert på samansetninga og miljøet i klassen. Ein avtale om at ingen skal snakke privat eller svært personleg om seg sjølv, kan gjere det tryggare for dei elevane som er utsette for å bli erta. Avtalar om at ein skal lytte til kvarandre og ikkje le av det dei andre seier, kan også vere viktige. Vi anbefalar å bruke øvingar frå grunnmaterialet for 1.–4. trinn, emne 1: «Eit trygt rom i seksualitetsundervisninga», for å skape eit trygt rom for elevane.

INNLEIING



KOMPETANSEMÅL

Veke 6 er utvikla i tråd med læreplanen.
Under kan du sjå kva for kompetansemål oppgåvene dekkjer.

1-2.TRINNET:

SAMFUNNSFAG

- Reflektere over kvifor menneske har ulike meiningar og gjer ulike val



- Samtale om vennskap, tilhøyrslø og kva som påverkar relasjonar



- Samtale om kjensler, kropp, kjønn og seksualitet og korleis vi kan uttrykkje eigne grenser og respektere grensene til andre



KROPPSØVING

- Utforske eigen kroppsleg bevegelse i leik og andre aktivitetar, åleine og saman med andre



NORSK

- Samtale om og beskrive korleis orda vi bruker, kan påverke andre



NORSK FOR ELEVAR MED SAMISK SOM FØRSTESPRÅK

- Kombinere tekst og munnlege uttrykksformer på leikande og utforskande måtar i samhandling med andre



SAMISK

- Bruke ord og omgrep knytte til familie, lokalsamfunn og tradisjonell kunnskap



- Arbeide kreativt med teikning og skiving, med og utan digitale verktøy



3-4.TRINNET:

SAMFUNNSFAG

- Samtale om identitet, mangfald og fellesskap og reflektere over korleis det kan opplevast ikkje å vere ein del av fellesskapet



- Samtale om grenser knytte til kropp, kva vald og seksuelle overgrep er, og kvar ein kan få hjelp dersom ein blir utsett for vald og seksuelle overgrep



KROPPSØVING

- Forstå kroppsleg ulikskap mellom seg sjølv og andre, og inkludere andre i ulike bevegelsesaktivitetar



INNLEIING



NORSK

- Utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skrivning, leik, bevegelse og andre kreative uttrykk



- Reflektere over korleis språkbruken vår påverkar andre, og korleis vi tilpassar og endrar språket i ulike situasjonar



NORSK FOR ELEVAR MED SAMISK SOM FØRSTESPRÅK

- Lytte til andre og uttrykke eigne meiningar samtalar og diskusjonar



- Kombinere ulike uttrykksformer i eiga tekstsaking



SAMISK


- Lytte til andre, stille oppklarande og utdjupande spørsmål, og følgje opp innspel frå andre





- Kombinere ulike uttrykksformer i eiga tekstsaking



SYMBOLER

Oppgave 1 Lag ditt eget tre 

Oppgave 2 gi meg en hånd og 3 kroppeloppeløp 

Oppgave 4 følelser og kroppspråk 



OPPGÅVE 1 \

1.-4. TRINNET



OPPGÅVE 1 \ LAG DITT EIGE TRE!

INDIVIDUELL ØVING

MÅL

Elevane får høve til å reflektere over kva for preferansar, tilhøyrslar, kompetanse og draumar dei har sjølve, og kva menneske som er viktige for dei. Elevane reflekterer over forskjellane og mangfaldet i ein klasse, og over at dette er noko positivt.

Målgruppe: 1.-4. trinnet

Fagleg relevans: norsk, handarbeid, seksualitetsundervisning.

Tid: 45–60 minutt.

Materiell: arbeidsark og fargeblyantar.



TIPS TIL UNDERVISAREN:

Dette er ei oppgåve der elevane skal kome med personlege ting. Dette kan vere sårbart for somme av dei, særleg dersom klassemiljøet er utrygt. Vi anbefaler at de bruker øvingar frå emne 1 i grunnmaterialet for 1.–4. trinnet for å skape eit trygt rom i undervisninga. Dersom det er mobbing eller anna som gjer det utrygt i klassen, kan oppgåva gjennomførast utan at de går gjennom dei ulike trea i plenum etterpå.

Somme av elevane kan ha vanskar med å finne ut kva dei skal teikne eller skrive på treet sitt. Hjelp gjerne til med forslag.

I staden for å teikne eller skrive kan elevane ta med gamle vekeblad, aviser og liknande og klippe ut og lime. Elevane kan også skrive ut bilde og lime dei på treet. Dersom elevane har andre kreative idear, så slepp dei til!

Du kan også summere opp øvinga ved å dele klassen inn i par, der elevane skal fortelje om treet til den andre. Dette gjer at mange blir endå betre kjende!

OPPGÅVE 1 \ LAG DITT EIGE TRE!



FORKLARING


1. Skriv ut arbeidsarket. Elevane kan også teikne sitt eige tre.
2. Del ut arbeidsark til elevane. Fortel dei at dei skal lage kvart sitt «identitetstre». Kvar del av treet fortel noko om kven elevane er, frå bakken og heilt opp til blada på treet. Elevane kan teikne eller skrive, avhengig av kva for klassetrinn dei er i. Tips: Det kan vere lurt å vise dei minste kva dei skal gjere først – teikn ditt eige tre på tavla først for å vise kva dei skal gjere.
 - a. Røtene: Kva liker du å gjere? Kva gjer du når du har det skikkeleg bra? Eksempel her kan vere «å spele fotball», «å vere saman med hunden min», «å le så eg får vondt i magen», «sjå film», «opne gåver» og liknande.
 - b. Bakken: Kva liker du? Kva er det beste du veit? Eksempel her kan vere ting som «sjokolade», «hestar», «cola», «julaftan», «bursdagen min» og liknande.
 - c. Stammen: Kva er du god til? Denne kan vere vanskeleg for somme. Formuler eventuelt om spørsmålet til: Kva vil far din / søster di / vennen din seie at du er god til? Dette kan vere sånt som: «å vere ein god venn», «å danse», «å rope», «å konsentrere seg», «å leike». Ver gjerne merksam på om det er fellestrekk mellom orda på stammen og orda på røtene.
 - d. Greinene: Kva håper du på og drøyer du om? Kva vil du bli når du blir stor? Kva ønskjer du deg? Her er poenget at elevane skal tenkje over kva dei har lyst på. Dette kan vere «å bli dyrlege», men det kan også vere «å reise til Syden». Spør gjerne: Er det nokon stader du ønskjer å reise til? Noko du har lyst til å lære? Noko du har lyst til å bli god til? Nokon du har lyst til å møte?
 - e. Blada: Kven er dei viktige personane i livet ditt? Dette kan vere familiemedlemmer, venner, rollefigurarar i film eller bøker, kjæledyr også vidare.
3. La elevane fyller ut treet del for del. Dei minste kan gjerne få éi oppgåve om gongen. Dei eldre elevane kan styre framgangen sjølve.
 - a. Røtene: Kva liker du å gjere? Kva gjer du når du har det skikkeleg bra? Eksempel her kan vere «å spele fotball», «å vere saman med hunden min», «å le så eg får vondt i magen», «sjå film», «opne gåver» og liknande.
 - b. Bakken: Kva liker du? Kva er det beste du veit? Eksempel her kan vere ting som «sjokolade», «hestar», «cola», «julaftan», «bursdagen min» og liknande.
 - c. Stammen: Kva er du god til? Denne kan vere vanskeleg for somme. Formuler eventuelt om spørsmålet til: Kva vil far din / søster di / vennen din seie at du er god til? Dette kan vere sånt som: «å vere ein god venn», «å danse», «å rope», «å konsentrere seg», «å leike». Ver gjerne merksam på om det er fellestrekk mellom orda på stammen og orda på røtene.
 - d. Greinene: Kva håper du på og drøyer du om? Kva vil du bli når du blir stor? Kva ønskjer du deg? Her er poenget at elevane skal tenkje over kva dei har lyst på. Dette kan vere «å bli dyrlege», men det kan også vere «å reise til Syden». Spør gjerne: Er det nokon stader du ønskjer å reise til? Noko du har lyst til å lære? Noko du har lyst til å bli god til? Nokon du har lyst til å møte?
 - e. Blada: Kven er dei viktige personane i livet ditt? Dette kan vere familiemedlemmer, venner, rollefigurarar i film eller bøker, kjæledyr også vidare.
4. Elevane fargelegg og fyller ut treet. Til sist samlar undervisaren inn trea og hengjer dei opp på tavla. Sjå på skogen av alle dei ulike trea. Kanskje nokon av elevane vil fortelje litt om treet sitt?

REFLEKTER I FELLESSKAP:

- Vi er forskjellige!
 - Vi liker forskjellige ting og vi har det bra når vi gjer forskjellige ting. Det éin elev har teikna/skrive på «bakken» sin, er kanskje noko ein annan ikkje liker i det heile tatt.
- Tenk så kjedeleg det ville ha vore dersom alle trea var like og i dei same fargane!
 - Elevane i ein klasse med så mange forskjellige tre kan lære kvarandre mykje.
- Alle trea er verdifulle, akkurat som dei er.

OPPGÅVE 1 \

ARBEIDSARK



OPPGÅVE 2 \

1.-4. TRINNET



OPPGÅVE 2 \

GI MEG EI HAND



PARØVING

MÅL

- Elevane kan gi døme på korleis hender og kroppar kan vere like og ulike
- Elevane kan setje ord på kva dei likar ved eigne hender og eigen kropp

Målgruppe: 1.-4. trinnet

Fagleg relevans: naturfag, norsk, kunst og handverk, generell del av læreplanen

Tid: 30–45 minutt

Materiell: Papir, fargar og saks. Smartboard/projektor. Eventuelt musikk

TIPS TIL UNDERVISAREN:

Det er mogleg å gjere øvinga kortare ved å utelate ein av delane før den felles samtalen, det vil seie anten delen der elevane går rundt i klassen, eller der dei teiknar handa til makkeren sin.

FORKLARING

Undervisaren fortel elevane at dei skal arbeide med ei øving som handlar om korleis hender og kroppar både er like og ulike.

Undervisaren ber først elevane om å reise seg og gå rundt kvarandre i klasserommet. Det kan eventuelt spelast roleg og behageleg musikk medan dei går rundt. Når elevane møter ein av dei andre, skal dei begge stoppe opp og halde handflatene flatt mot kvarandre medan dei ser på kvarandre og hendene sine. Dei skal med andre ord «gi kvarandre ei hand». Deretter går dei vidare og gjer det same med dei andre i klassen. Når elevane har gjort dette nokre gonger, stoppar undervisaren øvinga (eventuelt ved å stoppe musikken). Dei elevane som står overfor kvarandre, dannar par i den neste delen av øvinga.

Elevane set seg parvis ved pultane. Først skal dei leggje hendene sine flatt på borda og snakke saman om korleis dei er like og ulike, til dømes i høve til storleik, hudfarge, negler, frekner og arr. Dei skal òg gi døme på kva dei synest er fint med eigne hender og hendene til makkeren. Deretter skal dei «gi kvarandre ei hand» ved å teikne med blyant rundt handa til den andre personen. Handa skal deretter fargeleggjast og teiknast på, slik at ho liknar handa til eleven så langt

det er mogleg. Til slutt kan elevane klippe ut handa på teikninga og henge ho opp på veggen eller i vindaugget i klasserommet. Dei yngste elevane treng kanskje hjelp frå læraren til å klippe.

I den siste delen av øvinga samlar ein alle elevane i ein sirkel, der undervisaren legg til rette for ein samtale mellom elevane som handlar om kroppar, kroppsglede og mangfald. Her kan òg bileta av hendene til barn og vaksne på arbeidsarka til øvinga visast fram på smartboard/projektor.

I samtalen kan undervisaren til dømes ta utgangspunkt i desse spørsmåla:

- Kva skilnadar og likskaper kan de sjå på hendene til kvarandre?
- Hendene er ein del av kroppen. Korleis er kroppar like, og korleis er dei ulike? Er det til dømes på same måten som med hender?
- Korleis er hendene dykkar ulike hendene til større barn – og hendene til vaksne personar?

OPPGÅVE 2 \

GI MEG EN HÅND

- Korleis er barnekroppen ulik kroppane til større barn – og vaksne kroppar?
- Er det nokon som kan kome med døme på kva dei synest er fint med egne hender / hendene til makkeren?
- Korleis var det å få vite kva som er fint med egne hender?
- Dersom de no skulle gjort den same øvinga med heile kroppen, kva ville de fortalt makkeren at de likar ved eigen kropp?
- Kvifor er det bra å vere glad i kroppen sin?



OPPGÅVE 2 \ ARBEIDSARK 1



OPPGÅVE 2 \ ARBEIDSARK 2



OPPGÅVE 3 \

1.-4. TRINNET



OPPGÅVE 3 \ KROPPELOPPELØP



SPEL OG RØRSLE

MÅL

Elevane bruker kroppen på forskjellige måtar

Målgruppe: 1.-4. trinnet

Fagleg relevans: kroppsøving, seksualitetsundervisning

Tid: 45 minutt

Materialer: arbeidsark med oppgåver og teikningar av Kroppeロッパ, sju kjegler, måleband, krit, stoppeklokke, papir og blyantar.

TIPS TIL UNDERVISAREN:

Det er ikkje sikkert at alle elevane i klassen kan gjennomføre alle oppgåvene. Legg til rette for at oppgåvene kan løysast av elevar i rullestol og liknande – med litt fleksibilitet kan oppgåva løysast på tvers av mange funksjonsvariasjonar. Hugs at elevane alltid har lov til å be om hjelp, og at gruppene gjerne kan hjelpe kvarandre.

FORKLARING

Denne øvinga bør gjerast utandørs, eller i eit rom der det er god plass.

1. Begynn med å kopiere arbeidsarket. Klipp det ut i seks kort.
2. Plasser kjeglene i stjerneform på golvet/bakken, med éi kjegle midt i stjerna. Under kvar kjegle ligg ei kroppeロッパ-oppgåve.
3. Fortel elevane at dei no skal gjennomføre eit kroppeロッパløp som Kroppeロッパ har arrangert for dei. Kroppeロッパ er nysgjerrig på kva kroppen eigentleg kan, og ho vil gjerne ha elevane til å hjelpe henne med å undersøkje det. Kroppeロッパløpet går derfor ut på at elevane i grupper skal vise og undersøkje forskjellige ting om kroppen.

4. Fortel elevane at det i alt er seks oppgåver, og at dei vil bli delte inn i seks grupper som skal løyse dei seks oppgåvene.
5. Gjennomfør kroppeロッパløpet med elevane. Dette er ikkje ein konkurranse, men ein sjanse for elevane til å undersøkje kva kroppen kan, og kor forskjellige kroppane våre er.
6. Snakk med elevane om dei oppdaga noko nytt om kroppen undervegs.



ARBEIDSARK \ KROPPELOPPELØP



1 BEVEGELSE OG KOORDINASJON

Kroppeloppa kan bevege seg på alle moglege merkelege måtar. Ho vil at de skal gjere eit kroppeloppehopp, der alle i gruppa hoppar på same måten éin gong. Heile kroppen skal vere i bevegelse. Når løpet er ferdig, skal de vise kroppeloppehoppet dykkar for resten av klassen.

2 SET MÅL PÅ FØTENE

Materiell: måleband, papir og penn

Kroppeloppa synest det er morosamt å måle dei forskjellige kroppsdelane. I dag har ho funne ut at ho gjerne vil måle føter. Alle i gruppa skal måle kor lange føtene deira er!

3 BALANSE

Materiell: snor og skjerf til å binde for auga

Kroppeloppa har øvd seg på å halde balansen ved å gå på line på ei snor som ligg på bakken. Kroppeloppa synest det er vanskeleg, så no har ho begynt å lure på om det er lettare med bind for auga. Det vil Kroppeloppa at de undersøker! Alle i gruppa skal prøve å gå på ei snor med og utan bind for auga. Når de har bind for auga, skal de hjelpe kvarandre med å kome til snora, men de må ikkje halde kvarandre mens de går på snora. Når de har bind for auga, skal de øve dykk på å kjenne etter kvar snora er. Når synest de det er lettast å halde balansen?

4 KROPPSBEVISSTHEIT

Materiell: måleband, papir og penn

Kroppeloppa har høyrte at det er lurt å trekkje pusten djupt og puste lufta heilt ut. Derfor vil Kroppeloppa at de undersøker kor mykje luft det er mogleg å ha i lungene. Bruk eit måleband til å måle kor langt det er rundt brystkassa når lungene er heilt fulle av luft, og når lungene er helt tomme for luft. Alle i gruppa skal målast, og de må hjelpe kvarandre med å måle.

5 STYRKE

Materiell: snor og krit

Kroppeloppa synest det er gøy å utfordre kroppen sin. Kroppeloppa har øvd seg på å sitje på knea og strekkje seg så langt fram ho kan, for å teikne ein kritstrek. Kroppeloppa synest det er litt vanskeleg, men ganske morosamt. De skal lage ei linje med ei snor og setje dykk på ei rekke bak snora, med kvart dykkar krit i handa. Prøv å sjå kor langt fram de kan strekkje dykk, og så set de ein strek der.

6 STATUAR

Kroppeloppa synest det er gøy å forme kroppen sin til alle moglege figurar, men det er gøyast når ho gjer det saman med andre! Derfor vil ho at de skal lage ein statue med kroppen der alle i gruppa er med. Ho skal kunne sjå at de heng saman i kvarandre. De kan bestemme sjølve korleis de vil gjere det. De skal vise statuen dykkar for dei andre gruppene når løpet er ferdig.



ARBEIDSARK \ KROPPELØP



1



2



3




4



5



6



OPPGÅVE 4 \

1.-4. TRINNET



OPPGÅVE 4 \

KJENSLE OG KROPPSSPRÅK

QUIZ

MÅL

- Elevane kan gi døme på kjensler
- Elevane kan fortelje om og vise korleis ein kan uttrykke kjensler med kroppen

Målgruppe: 1.-4. trinnet

Fagleg relevans: Norsk, kunst og handverk, generell del av læreplanen

Tid: 45 minutt

Materiell: arbeidsarket til øvinga, og papir og fargar

TIPS TIL UNDERVISAREN:

Etter arbeidet med øvinga kan elevane lage illustrasjonar av ansikt som viser nokre av dei ulike kjenslene. Dette kan ein eventuelt gjere i samarbeid med undervisarar i kunst og handverk. Her kan ein leggje vekt på å arbeide med biletfremstilling med utgangspunkt i kjensler, og bruke spesielle teikneteknikkar eller verkemiddel til å skape stemning og kontrast gjennom bruk av fargar.

Dersom klassen har tilgang til eit kamera, kan det vere både gøy og lærerikt å ta bilete av kvarandre medan ein uttrykkjer ulike kjensler med ansikt og kroppsspråk. Bileta kan ein hengje opp i klassen og bruke i det vidare arbeidet med kjensler.

FORKLARING

Ein ryddar golvet i klassen, og elevane står i ein sirkel saman med undervisaren. Kvar elev får eit av korta frå arbeidsarket, der det er ein illustrasjon av eit ansikt som viser ei kjensle. Korta viser kjenslene: glad, sur, redd, sint, flau, trist, overraska, irritert, nervøs, forvirra, stolt og begeistra. Elevane skal ikkje vite på førehand kva kjensler det er snakk om. Undervisaren kan eventuelt velje ut færre kjensler dersom det er ønskeleg. Vi tilrår å vise ansikta på eit smartboard medan øvinga blir gjennomført.

Undervisaren ber elevane om å stille seg i grupper saman med andre som har det same ansiktet på kortet. Når dei har funne saman, skal dei snakke om kva kjensle dei synest at ansiktet viser. Deretter ber undervisaren ei av gruppene om å fortelje kva kjensle dei har. Dei skal forklare kvifor dei kjem til å tenkje på den kjensla når dei ser ansiktet. Dersom det er grupper som er i tvil, kan undervisaren be elevar frå andre grupper om å kome med forslag til kjensla. Undervisaren kan hjelpe til dersom ingen

elevar har forslag. Undervisaren skriv kjensla på tavla eller smartboardet ved sida av ansiktet.

No ber undervisaren alle elevane (øg dei i dei andre gruppene) om å vise korleis ein ser ut når ein føler den aktuelle kjensla, ved å bruke ansiktet og kroppen. I samband med dette er det eit viktig poeng at ein kan uttrykkje den same kjensla på mange ulike måtar. Når alle har vist kjensla, skal ei ny gruppe fortelje om ansiktet og kjensla dei har på korta sine. Øvinga held fram til klassen har vore gjennom alle gruppene.

OPPGÅVE 4 \

KJENSLE OG KROPPSSPRÅK

I neste del av øvinga skal elevane gå rundt kvarandre i klasserommet. Dei skal ha kvart sitt ansiktskort i handa. Når dei møter ein person, stoppar dei opp. Først helsar den eine på den andre med kjensla som blir vist på kortet til eleven. Den andre skal prøve å gjette kva kjensle det er. Ein kan gjette tre gonger. Etterpå er det den andre eleven som skal helse med «si» kjensle. Når begge elevar har helsa, byter dei kort og går vidare rundt i klasserommet til dei møter ein ny person å helse på.

Det gjeld å nå rundt til så mange ulike klassekameratar og helse på så mange ulike måtar som mogleg. Ein kan godt helse med den same kjensla fleire gonger til ulike klassekameratar. Undervisaren stoppar øvinga når han/ho vurderer at øvinga har vart lenge nok.

Som oppsummering kan undervisaren snakke med elevane om dette:

- Korleis var det å gjere øvinga (både delen med å gjette kjensla og delen med å helse)?
- Var det nokre kjensler som var lette å gjette når de helste på kvarandre?
- Var det nokre kjensler som var vanskelegare å gjette?
- Kan de gi døme på det positive ved at vi menneske viser kjenslene våre på ulike måtar?
- Kan de gi døme på det negative ved at vi menneske viser kjenslene våre på ulike måtar?
- Kva kan vi gjere dersom vi er i tvil om kva kjensle andre personar har?
- Har de spørsmål om kjensler og korleis vi viser kjensler med kroppen?



ARBEIDSARK \ KJENSLELER OG KROPPSSPRÅK

